



Kjære agent!

NB! Før du tar til å lese, må du vite at dette brevet er topp hemmeleg og må berre lesast av 3. klassingar og føresette.

Me treng deg, kjære agent, til å vera med å løysa oppdrag og mysterier i Nærbø kyrkje!

Derfor ynskjer me alle 3. klassingar velkommen til Tårnagenthelg i Nærbø kyrkje laurdag 31 januar og søndag 01 februar!!

Agentmøtet laurdag startar kl.12.00 og held på til kl.15.00. Der vil agentane få utdelt kvar sin agentmappe og agentbevis. Søndag treffest me igjen kl.11:00 til Tårnagentgudsteneste. Klarer de agentar å løysa alle mysteria... så får me nøkkel til ei skatteboks!

Foreldre, sysken, familie og vener er også invitert til gudstenesta.

Me håper du har lyst til å vere med. Det kostar ingenting å delta.

Påmelding frå i dag og fram til 25. januar på www.nærbøkyrkje.no. I påmeldinga er det nokre val du må ta i forhold til ein av postane på laurdagen – gudstenesteverksted. Her vel du kva gruppe du vil bli med på.. Då skal me delast inn i grupper fordelt på oppgåver til sundagen. Me skal forsøke så godt me kan å dele inn grupper ut frå prioriteringane dine. Vel du ikkje ei spesiell gruppe, havner du på ei som me bestemmer. Du vil få ein e-post med meir hemmeleg info når du har meldt deg på.

Helsing – fullt hemmeleg – frå oss i Nærbø kyrkje.

Connie Henriette, Anne Turid og Vidar

Til føresette: Har de spørsmål, lyst til å vera med som leder på gruppene, eller treng barnet tilrettelegging?
Ta kontakt på e post: anne.turid.varhaug@hakyrkja.no eller 93081297.



DEN NORSKE KYRKJA
Nærbø kyrkje

TOP SECRET